

Ny 2 mannsbustad i Ospelunden er klar for innflytting


11.11.2019



Oddbjørn Kroka syner fram den nye 2 mannsbustaden i Ospelunden som er klar for innflytting.

Ein ny 2 mannsbustad over to plan er klar for ferdigstilling i desse dagar. Den eine leilegheten er alt innflytta. Den andre skal vera ferdig i god tid før jul. Tomten til den neste 2 mannsbustaden er skoten ut og vert planert. Betongarbeidet startar i denne veka. Br. Musland har arbeidet med graving, sprenging, muring og planering. Kjell Inge Rørvik og Rune Enæs i Elite Snekkerservice har alt trearbeid. Røyr: Uskedal Røyr og Multiservice. Elektro: Kvinnherad Elektro.

Oddbjørn Kroka er godt nøgd med framdrifta. Neste 2 mannsbustad er seld. Det same er ein mannsbustad. Det er dessutan sendt inn søknad på byggeløyve for to nye 2 mannsbustader. Det er på nedsida av vegen i feltet som går på inn mot Rød. Bygginga startar straks ein har seld ein seksjon i kvar av bustadene.



Alt trearbeid og innredning er gjort av Kjell Inge Rørvik og Rune Enæs i Elite Snekkerservice.

Det er også planlagt ein større bustad på eit plan på tomta som grensar til plassen der Kirsten og Kåre K. Rød bur. Vidare vert alt det formelle med søknader gjort klart for tre einebustader plassert innerst mot Rød og og ytterst mot Uskedalen. Går alt etter planen, kan det bli byggestart i 2020.



Bustadene, som no vert innflytta, går over to plan, har god planløsning og ein framifrå utsikt mot Skorpo og Storsund.

Vassforsyninga er sikra på vanleg måte. Pumpe er installert for å sikra nok brannvatn. Det vert montert gatelys og asfalt kjem på plass seinare når det roar seg ned med anleggstrafikken.

Kroka fortel til Uskedalen.no at det er stor interesse for prosjektet i Ospelunden, særleg for kjøp av leilegheter. Salet går fint. Mange spør om framdrifta. Det er viktig å vera i forkant slik at ein til ei kvar tid har byggeklare tomter den dagen kundane vil kjøpa.

Prisen varierer alt etter storleik og teknisk løysing. Ein bustad på eit plan går for 2,790 mill kr. Ein 2 mannsbustad ligg på 3 mill kr. Ein større bustad: 3,190 mill kr.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nabotmta er utskoten og planert. Betongarbeidet startar i denne veka.